

FAU, Halbrend skule

Møtereferat

28.09.2023

Neste møte: Onsdag 01. november

1. Informasjon frå rektor

- 5 klassar på mellomtrinnet
- 12 klassar på ungdomstrinnet
- 400 elevar
- Grunna økonomi prioriterer skulen: tavler, miljøarbeid og utediljø
- Fokusområda innan kompetanse: spesialpedagogikk og vidareutdanningar i basisfag
- Skulen har fokus på å bli meir praksisretta

Utfordringar

- Lite administrasjonsressursar
- Budsjettet til ekstra skuleskyss er lågt
- Grunna høgt arbeidspress på BUP og PPT er det dessverre lange ventelister
- Nasjonale prøver syner at elevane har svakare leseprestasjonar enn tidlegare

Gleder

- Fin skule og godt uteområde
- Føresette stiller opp og er villige til å jobbe for gode klassemiljø
- Tilsette uttalar at dei har ein givande arbeidsplass
- Øvingsskule for HVL – også i år vil studentar ta over og drifte skulen i to veker

2. Val av leiar, nestleiar og skrivars 2023/2024

Leiar: Ingeborg Sunde

Nestleiar: Stine Elverum

Skrivar: Liselotte Norman

3. Innmelde saker

- Gangvegen frå Granlia/Pernillevegen mot Halbrend skule: dårlig sikt, mykje busker og dårlig vegstandard

Vi ser at nederste delen av vegen truleg har vore uoversikteleg medan vegarbeid på gjekk for ei tid tilbake. Dette vegarbeidet framstår ferdigstilt.

FAU arbeider m.a. for trygge skulevegar, men har ikkje kapasitet til å ta tak i alle meldingar som kjem inn.

I saker som gjeld manglande vedlikehald av veg, gatelys, klipping av veggetasjon m.m. må ein kontakte kommunen. Søk på vegvedlikehald på kommunen si heimeside. Utanom opningstid kan ein ringe teknisk vakt i Førde: 95 98 96 13

4. Ny strukturdebatt – «saman om EIN god oppvekst»

Prosjektleiar: Andreas Fonn Macsik

Barnevernloven § 3-1 første ledd gjev kommunar eit ansvar for generelle førebyggjande tiltak retta mot born og unge. Ei rekke offentlege instansar har førebyggjande oppgåver, og det er behov for ein heilsakeleg barne- og oppvekstpolitikk i kommunane. 01.01.2022 blei det derfor lovfesta eit krav om at kommunestyret skal vedta ein plan for kommunen sitt arbeid for å førebyggje omsorgssvikt og åtferdsproblem. Målet er å bidra til meir heilsakleg planlegging og betre samordning av tenester til born og unge, med utgangspunkt i ei samla vurdering av ressursar og utfordringar i eigen kommune.

Som ein del av arbeidet med planen er det viktig for kommunen å få innspel frå føresette. FAU har fått følgjande refleksjonsspørsmål å svare ut:

- *Kven er det naturleg å ta kontakt med når føresette treng råd og rettleiing i høve uro for born og unge?*

Dette er eit «breitt» spørsmål og vanskeleg å svare på ut i frå informasjonen vi har motteke. Vi meiner det er situasjonsbettinga ut i frå alvorlegheitsgrad.

Dersom ein sjølv ønskjer rettleiing knytt til eigen heimesituasjon og eigne born søker ein gjerne råd ved å kontakte: skulehelseteneste/helsesjukepleiar og/eller fastlege. Barnevernstenesta er også nemnd – men forutsett nok at ein opplev ei stor grad av tryggleik knytt til eigen situasjon, og at ein har god informasjon kring kva barnevernet kan bistå med.

Dersom det gjeld uro for andre sine born, spesielt knytt til misstanke om omsorgssvikt svarar fleire at ein ville kontakta barnevern, eventuelt skule dersom ein er usikker på korleis ein skal gå fram/handtere situasjonen.

- *Korleis finn de informasjon om hjelpetenestene?*

Her varierer svara og mange er usikre, alt frå google til kommunen si heimeside.

- *Er det utfordringar eller manglar i tenestetilbodet til born og unge i dag?*

Det er tydeleg at det er manglande informasjon rundt kva tenestetilbod ein faktisk har i kommunen, kva dei ulike tenestetilboda inneheld og korleis ein skal gå fram når ein har uro eller treng råd og/eller rettleiing. Det er vanskeleg å svare ut om det er manglar i tenestetilboda som er i dag, då vi er usikre på kva tenestetilbod som finst.

Dersom det er slik at det er lange ventelister på henvisingar til BUP og PPT – så vil jo det sei at det per i dag er mange born, unge og familiarar som ikkje mottek hjelp i form av førebygging, råd, sakkyndige bistand, behandling og diagnostisering. Noko som i seg sjølv er alvorleg.

- *Kva bør vere kommunen sine viktigaste satsingsområde (tiltak, tilbod, tenester eller likanande i det førebyggjande arbeidet for born og unge?)*

Vi som føresette treng betre informasjon om tiltak, tilbod og tenester kommunen har. Det er behov for eit lågterskel tilbod som er lett å oppsøke/kontakte. Gjerne òi nettside og eitt telefonnummer – der mottakar kan gje god og tydeleg informasjon om ulike tenester og tilbod, samt sette oss i direkte kontakt med riktig instans ut i frå problemstilling og alvorlegheitsgrad.